

ÅRSMELDING FOR JÆRMUSEET 1993

JÆREN MUSEUMSRÅD

Jæren museumsråd hadde årsmøte 31. mars i Klepp rådhus. Rådsordførar Kari Austenå ynskte rådsmedlemmene og møtedeltakarane vel møtt. Ordførar Ole I. Bore helsa frå kommunen og ynskte Jæren Museumsråd velkomne til Klepp.

Av 29 rådsmedlemmer oppnemnde av kommunane og fylkeskommunen møtte 25 representantar, av desse tre varafolk.

Det møtte 2 rådsmedlemmer valde frå organisasjonar og bedrifter og 3 valde av personlege medlemmer. Elles møtte 1 bedriftsmedlem, 11 lag og 8 personlege medlemmer.

Elles møtte fylkeskultursjef Roald Håland, fleire gjester og personalet – i alt 59 deltakarar.

Årsmøtet handsama og godkjende årsmelding og rekneskap for 1992, vedtok arbeidsprogram for 1993 og kontingent og budsjett for 1994.

Møtet valde formann, nestformann, rådsordførar, vararådsordførar og styremedlemmer med vararepresentantar frå private medlemmer og valnemnd.

Kari Austenå, Randaberg, vart attvald som rådsordførar. Trygg Mæland, Sola, vart attvald som rådet sin varaordførar.

Økonominemnd, attval: Jone Vadla, formann, Roald G. Bergsaker, Kjellaug Grødem, Eldar Odland, Trygve Stangeland og Frode Underhaug.

Valnemnd:

Magnar Flesland, Hå, Stein Sægrov, private medlemmer, Johan Vestvik, Randaberg (ny).

STYRET

Jone Vadla, private medlemmer, formann
Roald G. Bergsaker, Sandnes, nestformann
Kari Austenå, Randaberg
Annfinn Lorentzen, Time

Einar Lea, private medlemmer
Trygg Mæland, Sola
Eldar Odland, Rogaland fylkeskommune
Tobias Skretting, Hå
Odd Særheim, Klepp
Liv Todnem, Gjesdal

Varamedlemmer:

Sævar Haugland, private medlemmer
Johannes Bergsåker-Aspøy, Sandnes
Sigve Bø, Randaberg
Torstein Tunheim, Time
Karl Sveinsvoll, private medlemmer
Gitle Byberg, Sola
Sigve Romslo, Rogaland fylkeskommune
Marit Bernhardsen Stornes, Hå
Elling Hodne, Klepp
Rasmus Flesjå, Gjesdal

Styret har i meldingsåret hatt 6 styremøte og behandla 43 saker. Dei viktigaste spørsmåla har vore saker i samband med byggeprosjektet, finansiering og økonomi.

Formannen, nestformannen og styraren har utgjort eit eige arbeidsutval som har samrådd seg i ein del saker.

Nemnder oppnemnde av styret:

Redaksjonsnemnd for årbok:

Asgjerd Taksdal, Lars Gaute Jøssang, Målfrid Grimstvedt og Målfrid Snørteland.

Byggenemnd:

Jone Vadla, formann, Arne Hodne, Johan Vestvik, Målfrid Snørteland, Målfrid Grimstvedt.

Styringsgruppa for Kviagarden:

Jærmuseet sine representantar: Tobias Skretting, Målfrid Snørteland

Byggenemnda har hatt 7 møte.

Økonominemnda

har berre hatt eit samla møte, men dei ulike medlemmene i nemnda har hatt stor aktivitet kvar for seg eller fleire saman. Ein stor del av bedriftene i regionen har dette året fått personleg besøk av medlemmer i økonominemnda – både ein og fleire gonger.

PERSONALET

Jærmuseet har i 1993 hatt desse tilsette:

Målfrid Snørteland, styrar/konservator, 1/1 fast stilling

Sverre Skjæveland, handverkar, 1/1 fast stilling

Målfrid Grimstvedt, konservator, 1/1 fast stilling (utanom tilskotsordninga).

Engasjement:

Lars Ødemotland, gardsstyrar og arbeidsleiar, 1/2 stilling

Torbjørn Hertel-Aas, prosjektmedarbeidar

Inger Smidt Olsen, konservator, 4/5 stilling frå 23.08.

Oddvar B. Høyland, utarbeiding skuleopplegg, 2 mnd.

Stillingar under "SKAP":

Berit Pollestad, 1.01. – 31.12., kontor

Magne Nord-Varhaug, 01.01. – 31.05., gardsarbeid, vedlikehald

Martin Bøe, restaurering maskinar, 01.01 – 31.03.

Roy Erga, 01.02. – 30.06., restaurering maskinar

Roger Bjorheim, restaurering, vedlikehald, 01.01. – 31.03.

Geir Olav Ramstad, 01.01.-31.03., gardsarbeid, vedlikehald

Arve Reime, 01.01 – 25.04, restaurering, gardsarbeid

Linn Løge, 01.01. – 15.02., utskriving intervju

Ragnar Skjæveland, 03.03. – 13.04., gardsarbeid, vedlikehald

Hans Leon Malmin, 01.04. – 31.12., vedlikehald, gardsarbeid

Egil Haugland, 19.04. – 31.12., gardsarbeid

Ordin Rosland, 01.03. – 31.05., kontor, utskriving intervju

Tom Magne Frøyland, 01.06. – 12.07., restaurering

Vidar Pollestad, 16.06. – 30.08., vedlikehald

Martin Sele, 21.06. – 31.12., vedlikehald, gardsarbeid

Leif Horpestad, 28.06.- 30.09., vedlikehald, gardsarbeid

Ann Helen Rakvåg Sperre, 05.07. – 30.09., utskriving intervju

Trygg Haugland, 27.09. – 31.12., vedlikehald maskinar

Kurt Fiskebekk, 28.09. – 31.12., restaurering hus

Steinar Arne Hustad, 29.09. – 31.12., restaurering hus

Magnhild Skjæveland, 04.10. – 31.12., gardsarbeid

Oddvar Lode, 04.10. – 31.12., vedlikehald maskinar

Arve Geir Fotland, 11.10. – 31.12., vedlikehald

Jan Slogvik, 12.10. – 31.12., vedlikehald maskinar

Finn Egeli, 02.11. – 31.12., kontor, utskriving intervju

Torill Handeland, 10.11. – 31.12, kontor, utskriving intervju

Mona Lisa Heimdal Bjånes, 29.03.- 31.12., ordning privatarkiv.

ARBEIDET MED BYGGEPROSJEKTET

12. januar 1993 kunne Kristian Søyland starta opp den gamle "Brøyt X" og ta det første "spadestikket" på museumstomta.

Styreformann Jone Vadla, Hå-ordfører Ingvar Gausland og medlemmer av byggenemnda deltok og i markeringa.

Stavanger Aftenblad, Jærbladet og NRK-lokalen rapporterte om hendinga. I løpet av 1993 har "luftslottet", som skeptikarane lenge kalla det nye museumsbygget, materialisert seg og tatt form på Kvia.

Våren 1993 vart prosjektet sendt ut på anbud. Interesserte firma fekk først høve til å melda seg for prekvalifisering. I alt 46 firma prekvalifiserte seg, medan tilsaman 37 firma leverte anbud innan ulike fag.

Det blei inngått kontrakt med følgjande firma:

- betong : Kruse Smith Stavanger A/S
- tømmer : Øystein Torgersen A/S
- dører, vindauge, portar : Klepp Trevare A/S
- overlys : Stueland A/S
- stein- og murarbeid : Br. Haver
- luftbehandling : Flebu Sandnes A/S
- røyranlegg : J. Tollefsen
- elkraft- og teleinstallasjonar : Nærbø Handelslag

Entreprenørfirmaet Br. Risa, Nærbø, tok på seg utgravingsarbeidet som deira sponsorbidrag til museet.

Mikal Bjørløw, Epcon A/S, vart engasjert som byggeleiar.

Tømmeret til nybygget kjem frå ulike kantar av landet. Skurlast til sperr, åsar og sutak er levert av Halle Tre, Todalen i Surnadal, ospepanelet til ytterveggane kjem frå Øydna Sagbruk, Byremo og dei dreia søylene av limtre som skal bera takkonstruksjonen er leverte av Moelven/Aanesland Trevare, Birkeland.

Heile bygget, inkludert utstillingsbygget, blei prosjektert samtidig. Ved byggestart hadde ein likevel berre finansiering for bygg A, hovudbygget. (Kostnad: ca. 13,6 mill. kroner).

Både kommunane, fylkeskommunen, Norsk kulturråd og ein del private verksemder hadde då gitt støtte til dette byggesteget. Styret uttrykte likevel eit klart ønskje om at auditoriet og verkstaden burde realiserast så tett opp til hovudbygget som muleg. Både av praktiske og økonomiske grunnar la ein særleg vekt på å fullføra betongen på desse to bibygga samtidig med hovudbygget. Takka vera ei forskotering på 2 mill. kroner frå Hå kommune kunne ein i denne omgang inngå kontraktar for hovudbygget + betongdelen på auditorium og verkstad. Men det blei og innhenta anbud på fullføring av auditoriet og verkstaden, og museet fekk opsjon på dette. Samtidig blei det inngått ein 10-årig leigeavtale med Hå bygdemuseum. Leigesummen, kr. 650.000,-, skal betalast forskotsvis ved innflytting og dekker prosjekteringskostnadene ved utstillingsbygget (siste byggesteg).

Fylkeskommunen (660.000), Rogaland landbruks-selskap (25.000) og fylkeslandbrukskontoret (BU-midlar, 150.000), har gitt tilskot til auditorium og verkstad så langt.

Framdrifta har gått etter planen. 20. desember kunne ein invitera styremedlemmer, konsulentar, entreprenørar, arbeidarar og lokalpressa til kranselag med grautfest på låven på Kvia.



Det første "brøytstikk" blir grundig dokumentert av presse og kringkasting.

Finansieringa:

Eit utvida 1. byggesteg (hovudbygg + auditorium + verkstad) hadde ei kostnadsramme på 18,42 mill. kroner. Medrekna utomhusanlegg og nødvendig innreiing ligg prisen kring 19 mill. kroner.

For å realisera dette treng museet yttarlegare tilskot. Det er søkt om kr. 1,2 mill. frå Norsk Kulturråd og yttarlegare ca. 800.000 frå fylkeskommunen. Dessutan har museet som mål å få inn omlag 1 mill. kroner i frå jærindustrien. Dei private bidraga til nå har følgjande fordeling:

Landbrukssamvirke	750.000,-
Forbrukarsamvirke	153.000,-
Klepp sparebank	100.000,-
Time sparebank	100.000,-
Sandnes sparebank	50.000,-
SR-bank (tilsagn)	150.000,-
Gjensidige Forsikring	150.000,-
Stavanger Aftenblad	100.000,-
Daniel Øvstebø	50.000,-
Saga	5.000,-
Privatpersonar	86.000,-
	1,694.000,-



Kranselaget for nybygget blei feira på låven på Kviagarden med risengrynsgraut, spekemat og flatbrød.

KVIAGARDEN

Gardsdrifta.

Drifta på garden har også dette året tatt sikte på å visa eit allsidig husdyrhald og ulike plantekulturar med utgangspunkt i 1950-talet. I ein del tilfelle har museet likevel måtta kombinera meir tradisjonelle arbeidsmåtar og reiskapsbruk med nyare teknologi. Men me har hausta svært verdfulle røynslar, både med omsyn til drifta og ikkje minst med tanke på formidlinga mot publikum.

Dette året har me hatt 3 mjølkekyr – 2 vestlandsraukoller og 1 jersy, 1 kvige (vr), 1 kvigekalv (vr):

- 02 Silkrei, (vr) kalva 18.04, oksekalv, slakta
- 03 Plomrei, (vr) " 05.01, "
- 04 Dokka, (j) " 06.08, "
- 05 Kvirei, (kvige) " 11.12, "
- 06 Solrei, (kvige)

For å utnytta mjølka kjøpte ein og på nyåret inn to NRF stutkalvar til oppforing. Husdyrhaldet elles har gitt både sorg og glede.

Museet kjøpte nokre griser som vart selde i haust. Det vart halde av ei sugge som fekk grisungar 2. juledag. Diverre kom nedkomsten noko brått på slik at det berre var 3 som overlevde. Merrra fola 17. mai. Denne gongen vart det eit hodyr som fekk namnet "Veslemøy". Folungen frå i fjor laut diverre slaktast etter ein vedvarande betennelse i kryssset.

Elles vart me utpå hausten utsette for ein blodig hønsemordar- minken som kom seg inn i hønsegarden og drap for fote. Men synda straffa seg – han vart tatt i fella og avliva dagen etter. Dei to gjessene våre (av rasen "kvit norsk gås") har det derimot utmerka. Dei fungerer som "vaktbikkjer" på garden og gir høglydd beskjed når det kjem folk.

Også dette året vart "Vodlen" nytta til ulike plantevokstrar – diverse kålslag, poteter, bygg og kveite. Til for dyrka me både roer og formargkål pluss noko "moderne" forraps.

På "Trikanten" vart det dyrka havre medan me også dette året avla gras på "Tingsteinsvodlen". Førsteslåttten blei hesja og turka på tradisjonelt vis. Under andreslåttten laut likevel museet, av praktiske og forøkonomiske grunnar, inngå kompromiss med den nye tid og pakka graset i rundballar.

Bekkjavodlen vart nytta som beite.

Storparten av grønsakene blei selde på Jærmuseet i løpet av sesongen. Dei tradisjonelle grønsakene fekk god omsetning. Men jærbuen er visst ennå ikkje blitt fortruleg med "nymotens" kålslag som knutekål og brokkoli, så her fekk kyrne mykje godt førtilskot.

Jordbruksinntektene, d.v.s. sal av grønsaker, husdyr og produksjonstilskot, blei tilsaman 58.000,- kroner. Legg ein til arrangementsinntektene vart inntektene omlag 120.000,- kroner. Driftsutgiftene utgjorde vel 90.000,- kroner, men då er ikkje lønsutgifter medrekna.

Drifta er framleis heilt avhengig av sysselsetjingstiltak. For å halda ein jamn turnus treng ein stort sett 2 – 3 personar som kan byta på stellerarbeidet i fjaset. I onnene kan det vera trong for fleire.

I 1993 fekk museet ein god pott av den såkalla "kulturpakken". Her var 24 månadsverk øyremarka drift av museumsgard.

Samanlikna med tidlegare ordningar har ein dette året fått mindre driftstilskot med desse stillingane, og museet har bore ein større del av driftskostnadene sjølv.

Lars Ødemotland har vore engasjert som gardsstyrrar og arbeidsleiar både for dei som har arbeidd på garden og dei som har drive med restaurering av maskinar. Den halve stillinga rekk slett ikkje å følgja opp alle desse oppgåvene.

Aktivitetsdagar og utoverretta verksemd.

I samarbeid med Rogaland 4H blei det skipa til 4 opne aktivitetsdagar. På bakgrunn av røynslene frå tidlegare år blei alle aktivitetsdagane lagde til sundagar. 4H-klubbar frå Sandnes, Klepp, Time og Hå har vore med på dei ulike aktivitetsdagane og hatt ansvar for sal og laging av mat.

- 9. mai: "Leikedag".

I dag ville me setja leiker og leiketradisjonar i fokus. Arrangementet vart innleia med at Målfrid Grimstvedt fortalde om leikar og leiketradisjonar. 4H medlemmer var stasjonerte på ulike stader og demonstrerte ulike leikar. Reidar Taarland frå Iddisklubben "Norway Brand" demonstrerte og fortalde om iddis og mablis. Nokre medlemmer frå Gammelbilens Venner stilte opp med sine egne bilar. I tillegg var det markvandring i området ved Målfrid Snørteland. Nærbø Rideklubb stilte med hestar og ponniar, slik at alle som ynskte det kunne få ein ridetur.

Frammøte: omlag 450.

- 20. juni: "Slåttadag".

Denne dagen blei lagt opp etter same leist som slåttadagen året før. Me viste ulike slag reiskapar og arbeidsmåtar i samband med slått og høyberging. Det blei sett opp hesje, og borna hesja gras med stor iver og innsats.

Elles vart både ljåen, hestslåmaskinen og traktor-slåmaskinen, sleperiva, høyvendaren og rakeriva demonstrerte. Publikum fekk og sjå den nyaste typen skiveslåmaskin med stengelknekkar, av merket Kuhn, i aksjon. Denne kan slå opp til 20 da. i timen. Maskinen tilhørde Ole Torland og vart køyrt av Stein Torland.

Arbeidskarane på Kvia hadde og dette året ordna med noko turhøy som var ferdig til høying. Det aller gildaste for borna var nok å få køyra seg i høylasset, og me laut til med streng køordning.

I tillegg til museet sitt personale stilte "gamleformannen", Nils Njå, opp som slåttakar medan Tobias Skretting var konferansier. Det var og sal av slåttegraut.

Frammøte: omlag 600.

- 29. august: "Grisadag".

Denne dagen var det og eit "grisaver". Det var difor ikkje anna å venta enn at oppslutninga vart ein god del dårlegare enn elles.

Hå Svineavlslag selde grilla svinekotteletter og pølser. I tillegg hadde dei laga ein stand om grisen i lag med Peder Skåra frå Agro Fellesslakteri. Dei hadde og med ei sugga med 2 veker gamle ungar.

Frammøte: Omlag 150.

- 12. september: "Korndag – frå sigd til skurtrøskjar".

I dag hadde me reklamert med at folk kunne komma til Jærmuseet – Kvia 4H-gard og skjera sitt eige kornband. Og publikum følgde oppmodinga. Minst 700 personar var innom museumsområdet i løpet av dagen. Av praktiske grunnar føregjekk sjølve hauste-arbeidet på ei av markane til Lars Ødemotland – ved sida av parkeringsplassen.

Tidlegare fylkeslandbrukssjef Einar K. Time var konferansier. Til å demonstrera ulike arbeidsmåtar hadde han hjelp av Nils Njå, Margreta Herikstad, Kari Grødem og nåverande styreformann Jone Vadla.

Kornet vart hausta med sigd og ljå, folk prøvde etter beste evne å knyta bendlar, kornbanda vart sette både i kost og stakk og på staur. "Kost" og "stakk" har vore den vanlegaste måten å turka kornet på på flat-Jæren. Å staura kornet er tradisjon frå Gjesdal.

Lars Ødemotland og Svein Mikal Ødemotland hadde ansvar for traktoren med sjølvbindar og den moderne skurtrøskjaren frå Torland Trøskjelag. Sjølvbindar laut me låna av Ingebret L. Gausland på Bø sidan vår eigen var blitt skada under transport.

Etter haustinga synte ein trøskjing med tust, med gammal piggrøskjemaskin og med eit nyare sjølvrensande trøskjeverk med elektromotor. Til å driva piggrøskjemaskinen hadde me fått låna den gamle

petroleumsmotoren (av merket "Trygg") frå Hå bygdemuseum.

Men kornet vart ikkje berre hausta og trøskja – det skulle bli mjøl og mat. Arkelogisk museum hadde lånt oss ei handkvern slik at me i det minste kunne demonstrera prinsippa for korleis kornet blir til mjøl, sjølv om mjølmengda ikkje var noko å skrøyta av. Helst burde me baka brød på plassen, men her laut me ha assistanse utanfrå. Nærbo Handelslag hadde baka gammaldags surdeigstomp og Valborg Gudmestad baka syrekaker heime som vart levert undervegs.

Skular og barnehagar.

1993 representerte eit gjennombrøt ovanfor skular og barnehagar i heile regionen. Det er første året Jærmuseet har gått ut med informasjon til desse gruppene om tilbodet på Kvia. I marknadsføringa hadde me god nytte av samarbeidet med NSB. Kring nyttår sende NSB ut ei lita informasjonsbrosjyre til skular og barnehagar i Stavanger, der dei kort informerte om Jærmuseet – Kvia 4H-gard og tilbydde rimelege togturar til Nærbo. Responsen har vore svært god. I mai og juni var mest alle vekedagane fullteikna.

I løpet av året har 87 skule- og barnehagegrupper vore på gardsbesøk. Storleiken på gruppene varierer frå 6-7 – 80.

Mindre grupper har blitt henta med hest og vogn på stasjonen. Andre kosta på seg busstransport. I november fekk museet utvida transporttilbodet med ei innelukka vogn dregen av ein traktor.

Dei vanlegaste aktivitetane for skular og barnehagar har vore mjølking, separering av mjølk og kinning av smør, møte med dyra, køyring med hest og hopping i høyet. Dersom det har passa med onnearbeidet har dei vore med på dette.

Frå slutten av november til midten av desember



"Bind deg ein blomekrans". Vår på Kviagarden.
Frå leikedagen 9. mai.



reklamerte me med "nissefest" på låven. Responsen var stor, og jamt over hadde ein to grupper pr. dag. I tillegg til mjølking (føremiddag), separering og kinning, koka me graut av mjølka og serverte på låven. Og sjølvsaft kom fjosnissen ein tur innom med litt frukt i sekken sin.

Dei fleste gruppene har betalt 300 kroner; enkelte barnehagar 200 kroner – avhengig av opplegget og storleiken på gruppa. For nissefestane var prisen 30 kr. pr. barn.

Me har og hatt eit samarbeid med Bø skule om "styrking av det kulturelle innhaldet i ein utvida skuledag". Ei gruppe på 10 elevar frå 4. – 6. klasse har vore på Kvia 2 timar pr. veke i 10 veker. Dei har fått

vore med på karding, spinning og toving av ull, separering og kinning, tresking og ulike våronnaktivitetar. Til eit par av desse timane leigde museet Bjørg Njå som lærar.

Desse elevane frå Bø skule var og med då Institutt for spesialpedagogikk ved Universitetet i Oslo laga eit videoprogram frå Kvia til bruk for skule-fritidsordningane rundt om i landet.

Frå hausten 1993 har ei gruppe frå Nærbo ungdomsskule hatt husdyr som valfag og har vore på Kvia kvar onsdag ettermiddag.

Orstad barnehage i Klepp hadde og eit særskilt opplegg. Dei hadde eit eige grønsakfelt og i løpet av sesongen var særleg dei største borna jamnleg ute på



Orstad barnehage hadde eige plantefelt på Kviagarden. Her haustar dei potetene, og Oddvar B. Høyland syner kor mange nye poteter det har blitt av ei såpotet.

Kvia. Avlinga vart god, og det er rapportert om grønssakservering til fylkespolitikarane som var innom barnehagen under valkampen i fjor.

I sommarhalvåret hadde me og eit samarbeid med dagheimane for psykisk utviklingshemma i Hå kommune. Dei nytta garden 3 – 4 timar kvar fredag. Her var det avtalt ein timepris på kr. 250,-.

I løpet av sommaren var det og ein del sommarklubbar eller ferieklubbar som nytta seg av Kviagarden.

Elles er garden nytta til ein del interne 4H-klubbsamlingar og nordisk 4H-gard samling.

Medrekna ein del andre grupper som har fått omvising på Kvia og dei opne aktivitetsdagane kan me rekna med eit besøkstal på ca. 5500 i 1993.

Utviklingsarbeid.

Aktivitetane på Kviagarden blir etter kvart lagt merke til også utanfor regionen. Interesse frå institutt for spesialpedagogikk er alt nemnt ovanfor.

Elles fekk museet, som eitt av fire museer, tilbod om to månadsverk frå Norsk Museumsutvikling for å utvikla eit meir systematisk opplegg for skulefritidsordninga. Oddvar B. Høyland vart engasjert til dette. Opplegget vart utforma i samarbeid med skuleetaten i Hå kommune. Konstituert rektor ved Bø skule, Aud Irene Bjørnløw, og lærar Jon Våland ved Motland skule deltok i ei prosjektgruppe. Opplegget fekk tittelen "Læra med å gjera" og byggjer i stor grad på 4H-gards pedagogikk. Jærmuseet og Rogaland 4H arbeider nå for å få til eit to-årig prosjekt slik at opplegget kan prøvast ut. Reaksjonane frå m.a. skulehald er så langt svært positive.

Oppsummering.

I all hovudsak er det gardsstyraren, saman med nokre av dei sysselsette, som har hatt ansvaret for å gjennomføra det praktiske opplegget ovanfor skulane og barnehagane.

Elles har museumsstyraren til tider fungert som reisebyrå.

I samband med nissefestane var dei fleste mobiliserte.

Dette arbeidet har såleis komme i tillegg til anna arbeid.

Oddvar B. Høyland, Rogaland 4H, har hatt hovudansvaret for marknadsføring og pressekontakt. 4H har og tatt seg av mat, sal, natursti etc. på aktivitetsdagane, medan dei tilsette ved museet har hatt hovudansvaret for demontrasjonane av reiskapar og arbeidsmåtar.

På aktivitetsdagane har ein førebels ikkje tatt inngangspengar. Dette blir truleg endra på i 1994.

Ser ein på skular og barnehagar dekkjer ikkje gruppeprisen på 300 kroner kostnadane ved å ta imot slike besøk. Musea har rett nok eit formidlingsansvar

ovanfor skulane og kan ikkje setja bedriftsøkonomiske mål på slike aktivitetar. Men utan større offentlege tilskot til lønsmidlar på Kvia har ikkje Jærmuseet økonomisk utveg til å halda same prisnivå.

Verksemda dette året har likevel vist at det er stort behov for ein slik museums- og 4H-gard i distriktet og at det har vore rett av museet å satsa på slike formidlingsformer.

Aktivitetsdagane har og bekrefta at ei slik levandegjering av gamle rbeidsmåtar og tradisjonar er noko publikum set pris på.

Men røynslene frå dei siste åra har og vist at kanskje dei største utfordringane for museet framover blir å vedlikehalda og vidareføra dei praktiske kunnskapane og ferdigheitene knytta til bruken av eldre teknologi. Ikkje minst kan det bli eit stort problem å behalda fjordingen som arbeidshest.

ANNA UTOVERRETТА VERKSEMD

"Sjå Jæren".

"Sjå Jæren" 1993 kom ut i byrjinga av desember. Boka var på 180 sider og vart trykt i 700 eks. Hovudartiklane i denne utgåva var "Frå Forbrugjen til Mega Randaberg" av Birger Lindanger og "Å, eg veit meg ei hei", der forfattarane Lars Gaute Jøssang og Torbjørn Hertel -Aas presenterer Jærmuseet sitt prosjekt om heiesmalen og intervjuar sauamannen Palmer Taksdal. Gjennom han ser dei også på utviklinga innan driftesystemet. Vidare skriv Einar K. Time om "Heradsagronomen", Markus Pestalozzi om "200 års landbruksforskning i Rogaland", Anne Håland om "Torvald Tu – eit biografisk riss" og Thor G. Norås om barneleiken "Tikken – du har'ann!". Årboka inneheld også bidrag frå Tobias Skretting, Ove Tobias Gudmestad, Andreas E. Aadnesen, Helge Schjelderup, Erik R. Bjelland og Målfrid Snørteland.



"Visst vart det smør, du!" Gardsstyrar Lars Ødemotland har sytt føre nok ei vellukka kinning på Kviagarden. Frå aktivitetsopplegget "Frå mjølk til smør og graut".

Inger Smidt Olsen har arbeidd med oppfølging av forfattarar, biletreleksjon, lay-out og oppfølging overfor trykkeriet.

Utstillingar, tilskipingar:

Arkaden kjøpesenter.

I tillegg til den utoverretta aktiviteten på Kvía har Jærmuseet og freista å nå eit større publikum. Dersom folk ikkje kan komma til museet, får museet komma til dei, har ofte vore eit motto. Dette året samarbeidde me med Arkaden kjøpesenter i Stavanger v/ Martin Dyvik og Endre Lærdal, om ei omfattande utstilling som presenterte Jærmuseet og landbrukshistoria på Jæren. Ved hjelp av gjenstandar, tekst og foto fokuserte me på 9 ulike tema: Jærmuseet – Kvía 4H-gard, endringane i kulturlandskapet på Jæren, Jæren – den store plogsmia, frå ljå til forhaustar, frå sigd til skurtrøskjar, potetdyrking, frå vindkraft til elektromotorar, frå mjølk i spann til mjølk på tank, frå torv til velstand. Det var laga ein ”stand” for kvart tema, og utstillingane var spreidd over 3 etasjar.

Utstillinga blei opna av Einar K. Time 25. mars og stod omlag 2 månadar. Hå bygdemuseum og landbruksbedriftene bidrog og med ein del gjenstandar og biletmateriale.

Open dag på Særheim.

Jærmuseet deltok under open dag på Særheim 20. mai. Denne gongen fokuserte me på vern av gamle husdyrrasar. Saman med museumsstyraren fekk vestlandsrauakolla Silkrei og den vesle kalven hennar representera museet. Kalven gjekk laus og vart snart godven med alle borna.

NM i fjordhest.

Under NM i fjordhest på Foss-Eikeland 23 – 25. juli laga Jærmuseet ei utstilling om hestereiskapar.

LAGER, TILVEKST OG SAMLINGAR

For å utnytte ”Lutå” på Refsnes betre, både til lager og verkstadrom, var det nødvendig å forlenga heisanlegget over heile bygningen. Her fekk museet ein avtale med Nærbø halmlutingslag. Lutingslaget kosta ny heis i den ein delen av huset mot at museet tok på seg å måla bygningen utvendig. Dette arbeidet blei utført i haust. Museet måtte likevel ta ein del mindre kostnader på eiga kappe. Men nå har ein fått rydda lokalet godt og m.a. stua ein god del ting ned i dei gamle lutekummane. Ulempene med dette er sjølvstakt at desse gjenstandane ikkje er særleg tilgjengelege. Elles er ikkje klimaforholda her tilrådelege for lagring av gjenstandar over lengre tid.

Museet har ikkje prioritert noka aktiv eller planmessig innsamling dette året. Likevel har me fått svært mange tilbod. Ein god del av desse har museet tatt i mot. Det er både ting som fyller hol i samlingane og reiskapar og maskinar som me har frå før, men som er i betre stand enn dei tingane me alt har. Men av plassomsyn må me og takka nei til mange tilbod.

I tillegg til gjenstandar, har Jærmuseet hatt ein fin tilvekst av foto, bøker og arkivmateriale.

Museet har motteke ein del av det eldre arkivet til Eikmaskin. Det er under ordning. Det inneheld saksarkiv frå 1934 – 1977 samt tre arkivskap med reiskapsbrosjyrer. Det er også komme inn arkiv i samband med saueprosjektet.

Frå Felleskjøpet, Sandnes, fekk me dessutan ei verdfull gåve i form av gamle reservedelar til ulike reiskapar.

Også dette året har me hatt samarbeid med Statsarkivet og arbeidsmarknadsetaten. Mona Lisa Heimdal Bjånes arbeidde i omlag 9 månadar med å ordna og registrera privatarkiv. Ho registrerte m.a. arkivet til Krossen Havremølle for Sandnesmuseet.

Ei av dei mest påkrevde oppgåvene for museet er ei grundigare registrering av gjenstandssamlinga. Størparten av gjenstandstilfanget dei siste åra er berre registrerte i tilvekstprotokollen. Dette har samanheng med manglande ressursar og personale og med dei generelle arbeidstilhøva. Når ein får inn eldre reiskap har ofte rust, langvarig slitasje, ver og vind sletta både fabrikkmerke og andre identifikasjonsteikn. Der gjenstanden blir gitt til museet av 2. eller 3. generasjon kan det i mange tilfelle vera vanskeleg å bestemma både merke og modell utan å konsultera anna kjeldemateriale eller personar som har brukt eller kan hugsa tilsvarande reiskapar. Dette er tidkrevande arbeid. Dessutan er ikkje tilhøva i lagera særleg eigna til å opphalda seg i over lengre tid.

Styret vil nytta høvet til å takka følgjande gjevarar:

Hå bygdemuseum, Oskar Hapnes, Sandnes, Tobias Gudmestad, Nærbø, Richard Olsen, Stavanger, Våland skole, Stavanger, Ole Aarre, Bryne, Per Hetland, Bryne, Sola Everk, Kjetil O. Søyland, Gjesdal, Louis Engelsvoll, Sola, Jostein Thu, Time, Leif Volden, Sandnes, Inge Toralv Hareland, Gjesdal, Kolbjørn Kyllingstad, Gjesdal, Serigstad A/S, Åsbjørn Lode, Nærbø, Felleskjøpet Rogaland-Agder, avdeling Sandnes, Kristian Søyland, Bryne, Erling Tjelta, Klepp, Arne A. Sandkleiva, Time, Holger Tunheim, Time, Finn Marthon Gjesdal, Gjesdal, Ivar M. Ohm, Ingfrid Høyland, Nærbø, Kirsti Høyland, Nærbø, Kristine Skurve, Gjesdal, Peder S. Høyland, Nærbø, Leiv Audun Njærheim, Bryne, Hans Aase, Orre, Hillevåg gartneri, Stavanger, Reidun Mjøllhus, Nærbø, Asbjørn Solbjør, Bjerkreim, Jæren Smalalag, Rasmus Watne, Forsand, Tor Gudmestad, Nærbø, Tobias Skretting, Nærbø, Kyllingstad Plogfabrikk/Kverneland A/S, Odd Egil Narten, Oltedal, Anne Kristin og Edvard Jensen,

Klepp, Bjørg og Nils Njå, Time, Eikmaskin A/S, Stavanger, Kverneland A/S, Gabriel Meling, Stavanger, Kari Jåtten Helland, Anne Norunn Amdal, Tryggheim vid. skule, Nærbø.

EDB-registrering

Ved hjelp av sysselsetjingspersonale har museet kunna vidareføra arbeidet med å leggja inn foto, avisutklipp, boksamling m.m. på EDB. Me har m.a. registrert følgjande:

Film/video: Tilveksten her skuldast først og fremst film i arkivet til Kvernelands fabrikk. Det er 16 mm film, dels visningskopiar på ulike språk, dels restar frå ulike reklameproduksjonar.

Reiskapskatalogar: Arkivet frå Eikmaskin inneheld ei stor mengd nyare reiskapskatalogar frå ulike produsentar. Meir enn 100 av desse er registrerte på tittel og utgjevar.

Oppsummering av EDB-registreringane ved museet:

	Tilvekst 1993	Samla tal kort
Tilvekst (samlingar)	50	169
Gjenstander i Jærmuseet	9	903
Gjenstander i Gjesdal bygdem.	ca. 2500	3545
Gjenstandar i Hå bygdemuseum	-	4848
Gjenstandar i Time bygdemuseum	279	279
Avisutklipp	389	2105
Reiskapskatalogar	1024	1663
Lydband	57	107
Video/film	27	56
Teikningar	-	128

NEG *..	1057	1979
Brannetakstar **	-	1295
Eige bibliotek	241	2404
Periodika (nye seriar)	25	406
Fotografi	782	7779
Privatarkiv	4	28

Merknad: Museet har berre i liten grad komme igang med registrering og katalogisering av eigne samlingar. Det er grunnen til det låge talet på eigen samling.
Bygdemusea syter for registrering av sine samlingar, men Jærmuseet har kopi av registreringane.
*NEG (Norsk Etnologisk Gransking): Museet har svar frå Rogaland på ein del spørjelister, spesielt om barn og leik, samt om sauene. Dei enkelte svara er lagde inn i ein EDB-katalog.
**Brannetakstar: Byplankontoret i Sandnes hadde ein person som registrerte brannetakstar frå Sandnes under rettleiing av Jærmuseet. Vedkommande la dei inn på EDB på Jærmuseet.

RESTAURERINGSARBEIDET


Museumshandverkar Sverre Skjæveland har også dette året arbeidd ein del med Herkules-traktoren frå 1916. M.a. har han vore på studieferd til Jysk Automobil Museum i Danmark for å kopiera nokre av delane som manglar på vårt eksemplar. Sidan han har vore nøydd å følgja opp ulike sysselsetjingsprosjekt, har det ikkje blitt tid til å gjera denne traktoren ferdig. Storparten av sommarhalvåret har handverkaren arbeidd på Audamotland. Elles har han, saman med Lars Ødemotland, overvaka og hjelpt til med det restaurerings- og vedlikehaldsarbeidet som "Lute-gjengen" har utført.

I løpet av våren hadde ein siste finpussen på Brøyten. Elles er følgjande reiskapar og maskinar sette i stand: Ferguson TEA traktor. Her har ein m.a. skifta bremseband og hjullager og traktoren har blitt lakkert. Denne "gråtassen" er i dagleg bruk på museumsgar-den. 3 skjers Mogul slepeplog, høyrer saman med

Mogul traktor frå 1918. McCormick sjølavleggar for korn, truleg av typen "Daisy". Dette er ein heller sjeldan reiskap og kan vera frå tidleg på 1900-talet.
Grovt rekna er det nytta omlag 2 sysselsetjingsår-sverk til rydding og vedlikehald i magasin og restaurering og vedlikehald av maskinar og reiskap.
Museumshandverkaren har og hjelpt til med andre prosjekt i regionen. M.a. var han med på filmopptak i den gamle Kvernelandssmia for TVP film & video-produksjon. Han demonstrerte og smedekunsten for publikum under kampanjen "open bedrift."
Han har drive ein del reparasjonsarbeid i smia på Indre Lima og i Gjesdal ljàfabrikk. Det har og gått med noko tid på ljàopplæringsprosjektet.
Me vil få takka Kverneland A/S og Serigstad A/S for verdfulle gratisytingar i samband med restaurerings-arbeidet.
Elles har Gaute A/S lagt ned mykje arbeid i å finna fram til rette fargar og fargeblandingar på ulike reiskapar.

**SÆRLEGE PROSJEKT
AUDAMOTLAND**

Dette året har ein komme eit stykke på veg med restaureringa av Audamotlandshuset. Hausten 1992 fekk museet tømmeret frå eit gammalt hus på Usken. Dette året har me i tillegg fått tømmer frå eit hus på Tangen i Time som har tilhøyrd Kari Helland, Bryne. Tømmeret er brukt til å lappa i veggane i stovene. Huset retta opp, grunnmurane er murde opp på ny og det er drenert rundt huset.
Elles er det bearbeidd ein del material til tak og veggar – m.a. åsar, sperr og kledning.
Tømmermeister Trond Nærland er ansvarleg for restaureringa. Føresetnadene har likevel vore at ein stor del av arbeidet skulle utførast ved sysselsetjings-



Restaureringa av Audamotlandshuset er eit omfattande prosjekt.
Foto: Jærmuseet.

midlar. Det har vist seg svært vanskeleg både å få folk, og endå verre å få tak i nokolunde kvalifiserte folk som kan arbeida utan kontinuerleg oppsyn. Museumshand-verkaren har difor brukt ein stor del av tida si i 1993 på dette prosjektet.
Det gamle taket på huset avslørde mykje interes-sant. Her fann ein både lyng, torv, never og rughalm under pannene. Etter grundig gjennomgang av Marta Hoffman sine studiar av gamle jærhus fann me opplysingar om at på Jæren var det ikkje uvanleg å kombinera rughalm og never når ein la torvtak. Never var som kjent ein knapp ressurs på desse kantar. Mykje tyder difor på at når dei la om til pannetak ein gong i førre hundreåret, tok dei ikkje bort heile det gamle torvtaket, men let ein del halm, never og torv liggja att som isolasjon.
I alle høve på taket inn mot gardsrommet vil me prøva å leggja eit slikt torvtak med underlag av never

og rughalm. Takka vera stor velvilje frå Asbjørn Byberg i Sola fekk me skore rug til dette bruk i haust. Never er skaffa frå Kjørberg på Moi.
Elles er det rydda i hagen og i gardsrommet. I gardsrommet grov ein m.a. fram gamle hellegangar mellom heimehuset og driftsbygningen. Med omsyn til hagen vart diverre ryddeiveren vel stor.

"MED SAUEN TIL FJELLS".

Innsamla materiale:

Det meste av innsamlingsarbeidet er nå unnagjort. Ein har fått skrive ut storparten av intervjua og komme eit godt stykke på veg når det gjeld redigering og ordning av materialet.
Innsamlinga av intervjumateriale starta hausten 1992 og blei utført av Torbjørn Hertel-Aas. Arbeidet med å skriva ut lydbanda tok også til hausten 1992, sjølv om det meste av dette arbeidet er utført i 1993.

Status:

Intervju

- 54 intervju på lydband med
 - 20 heiasjefar og gjetarar
 - 31 bønder
 - 2 heiasjefkoner
 - 2 transportørar
 - 2 andre

Av desse er 43 utskrivne og 40 redigerte, d.v.s. at dei er klypte opp og innhaldet ordna etter ei emneliste

Spørjelite

328 spørjelistar er sendt ut gjennom sau- og geitealslaga frå Forsand i nord til Sokndal i sør. Til no har me fått inn 230 svar og fleire er i vente. Me har begynt å registrera svara i eit dataprogram.

Fotoinnsamling

Hertel-Aas har samla inn ein del fotomateriale under intervjuarbeidet, omlag 35 svart/kvitt og 35 fargebilde, som no er avfotograferte til dias og svartkvitt negativ film. Me ventar å få inn fleire fotografi når me får gått gjennom spørjeskjemaene.

Anna materiale

Det er kopiert ei hyttebok og eit par husdyrprotokollar frå saueeigarar. Me har også kopi av styreprotokoll frå eit sameige og nokre døme på kontraktar.

Følgjande aktuelle privatarkiv er ordna:
Jæren Smalelag: Styreprotokoll, saksarkiv, årsmeld. 1914 – 1992
Driftevegen Bue-Kvina: Styreprotokoll, rekneskap 1914 – 1979

Arbeid som gjenstår:


Sjølve utskrivinga av materialet er ikkje påbegynt. Her må museet enten leiga inn ein eller fleire personar eller frigjera eigne konservatorar. Førebels har ein ikkje hatt god nok økonomi i prosjektet til å gjera dette.

Elles ønskjer me å fotografera, filma, og dokumentera heiaføringa slik den går føre seg i dag, samt dokumentera årssyklusen på ei eller fleire sauagardar.

Økonomi.

Fram til nå er prosjektet finansiert av Jæren Smalelag, Utvalget for organisert beitebruk i Rogaland, Rogaland Sau- og Geitalslag og dei lokale sau- og geitalslaga, saman med Jærmuseet.

Når det gjeld fordelinga av utgiftene mellom lokallaga tok me utgangspunkt i det einskilde laget sin del av det samla medlemstalet i Rogaland Sau- og Geitalslag, og tillet oss å føreslå ei fordeling. Denne framgangsmåten var og tilrådd av faglaga sjølve, og



I samband med saueprosjektet har Jærmuseet også gjennomført ei systematisk innsamling av foto. Her eit bilete me har fått inn frå

dei fleste laga har gjeve løyvingar ut frå dette. Nokre lag ba om å få dela løyvinga over to år. Me har pr. 31.12.1993 fått inn følgjande tilskot:

Jæren Smalelag	kr. 25.000,-
Rogaland Sau- og Geitealslag	kr. 10.000,-
Utvalget for organisert beitebruk	kr 10.000,-
	Prosent av Løyvd
	medlemmene sum
Bjerkreim	14,5 % kr. 4.350,- (1/2)
Eigersund	7,5 %
Forsand	3,4 %
Helleland	6,1 % kr. 3.700,-
Høyland	13,5 % kr. 3.000,-
Klepp	2,7 % kr. 800,- (1/2)
Lund	6,4 % kr. 3.800,-
Nærbø	3,8 % kr. 2.300,-
Sola	1,5 % kr. 900,-
Time	14,8 % kr. 4.450,- (1/2)
Gjesdal	9,7 % kr. 2.900,-
Sør-Jæren	16,1 % kr. 9.700,-
Sokndal og Heskjestad ..	kr. 2.000,-
Samla sum	kr. 82.000,-

Det er elles sett ned ei faggruppe for prosjektet med følgjande samansetjing:

Einar K. Time, Joar Oltedal frå **Fylkesmannens landbruksavdeling**, Gustav M. Håland frå **Jæren Smalalag**, Arnold Helland frå **Rogaland Sau- og Geitalslag**, Lars Gaute Jøssang, historikar, Målfrid Grimstvedt og Målfrid Snørteland, **Jærmuseet**. Torbjørn Hertel-Aas er engasjert til innsamlingsarbeidet.

ØKONOMI OG ADMINISTRASJON

Tilskotet til Jærmuseet via tilskotsordninga var i 1993 på kr. 793.000,- (medrekna refunderte lønsmeirutgifter). Dette innebar ein beskjedne volumauke i forhold til 1992. Underskotet på driftsbudsjettet innanfor tilskotsordninga var omlag 110.000,- kroner.

Medrekna stillingar og drift utanom tilskotsordninga (inkludert "kulturpakkemidlane" frå arbeidsmarknadsetaten) utgjorde dei samla driftsinntektene vel 2,6 mill. kroner.

Inntekter og utgifter til byggeprosjektet er då haldne utanom. I tillegg kjem omlag 2 årsverk på "SKAP" administrert av fylkeskommunen, og 3/4 årsverk via Statsarkivet som ikkje viser att i museet sin eigen rekneskap. I pengar utgjer dette omlag 330.000,- kroner. Med utgangspunkt i dei midlane som har passert via museet sin eigen rekneskap fordeler tilskot og inntekter seg på følgjande vis:

	kr:	%	(% 1992)
- Staten	: 309.000	11,5	(19,9)
- Fylkeskommunen	: 242.000	9,0	(15,5)
- Eigarkommunane	: 560.000	21,0	(37,2)
- Sysselsetjing	: 664.000	25,0	
- Eigeninntekter *	: 824.000	31,0	(25,1)
- Renteinntekter	: 36.000	1,3	(2,3)

Ser ein på det samla driftsbudsjettet for museet er altså ca. 70 % av drifta dette året finansiert utanom den faste tilskotsordninga. Og over halvparten er variable og "usikre" inntekter – d.v.s. sysselsetjing + eigeninntekter. Me reknar likevel at dette biletet er spesielt for 1992, sidan Jærmuseet dette året fekk tildelt betydelege sysselsetjingsmidlar.

Hovudtendensen er likevel den same som me har peika på i tidlegare årsmeldingar: stadig større del av drifta til museet er avhengig av eigeninntekter og ulike typar prosjektmidlar.

Elles må me stadig minna om at Jærmuseet berre har to stillingar på "sikker" lønn, nemleg styraren/konservator og handverkaren.

Kontingenten frå kommunane subsidierer driftsunderskotet innanfor tilskotsordninga og ein del av lønna til gardsstyraren og den andre konservatoren. Men denne konservatorstillinga er framleis heilt avhengig av oppdragsinntekter. Når oppdragsinntektene dette året er vesentleg høgare enn før skuldast det to ting: Målfrid Grimstvedt har ein stor del av året arbeid samanhangane med oppdraget frå handverksregister/Bunads- og folkedraktsrådet. Dinest har ho hatt eit større oppdrag for Gjesdal kommune i samband med dokumentasjonen av DFU. Større samanhengande prosjekt gir betre utteljing enn mange små.

Sidan august har også konservator Inger Smith Olsen vore engasjert av Jærmuseet og har m.a. hatt oppdrag for fyrmuseet på Tungenes. Fyrmuseet er nå under oppbygging, og oppdragsmengda er for tida så pass stor at museet har forlenga avtalen med Inger Smith Olsen utover 1993. Men tilgangen på oppdrag

* Inkludert i eigeninntektene er oppdrag, tilskot til særlege prosjekt (unntatt investeringsmidlar), bruk av eigenkapital, sal av årbøker, annonseinntekter, driftsinntekter på Kvia og medlemspengar.

kan variere sterkt frå år til år, og førebels er det neppe grunnlag for to slike "lausarbeidarstillingar".

Elles er det svært påkrevd å få eit sikrere grunnlag for gardsstyrarstillinga. Dessutan aukar stadig mengda av kontorarbeid, og det er ei grense for kor lenge museet kan fungera utan ei fast kontorstilling og periodevis utan kontorphersonale! Det er i alle høve dårleg bruk av ressursar og lite framtidsretta at museumsstyraren også skal fylla denne funksjonen.

Sysselsetjingsiltak.

Jærmuseet fekk opphavleg tilsagn på 841.000,- kroner i såkalla "kulturpakkemidlar" for 1993. Tilsagna var øyremerkte tre prosjekt:

- prøvedrift av museums- og 4H-gard
- rydding og vedlikehald av museumsanlegg
- restaurering Audamotland

Det har vore eit stort problem å nytta denne kvoten. Midlane blei heller ikkje brukte opp. Særleg var det vanskeleg for arbeidskontoret å finna fram til nok personar 1 halvår. Det var først i oktober at me fekk eit antal som samsvarde så nokolunde med tilsagnet. Den skeive fordelinga betydde m.a. at museet ikkje fekk den effekten av midlane som me hadde håpa på. Den tida me hadde mest trong for folk, hadde me færrest tilgjengelege. I denne situasjonen har drifta på garden blitt prioritert, medan restaureringa på Audamotland har lidd mest. Dette har og samanheng med at det var særleg vanskeleg å finna folk med føresetnader for slikt arbeid. Stoda betra seg i haust. Sidan oktober har tømmermeisteren disponert to mann fast på Audamotland.

I tillegg til "kulturpakken" har Jærmuseet hatt fleire stillingar under såkalla "SKAP- ordinær" som er administrert av fylkeskommunen. 1 stilling har vore

knytt til kontoret, medan resten har vore nytta til istandsetjing av enklare reiskapar.

Sidan våren 1993 hadde me som nemnt og ein stilling via Statsarkivet til å ordna privatarkiv.

Økonomisk sett har museet bore ein større del av driftsutgiftene ved sysselsetjingstiltakinga dette året enn tidlegare. For kvar "SKAP"-plass administrert av museet har me fått ein fast sum på kr. 12.750,- som skulle dekkja både lønn, sosiale utgifter og driftsutgifter. Dette gir berre omlag 1000 kroner pr. månadsverk i driftstilskot. Dette tilskotet har likevel vore eit svært nødvendig bidrag til lønna til gardsstyraren som og har fungert som arbeidsleiar.

For dei stillingane ein har hatt under fylkeskommunen har ein dette året fått svært lita driftsstøtte. Dette er m.a. grunnen til at postane vedlikehald av samlingar og anlegg er ein god del høgare enn budsjettet. Tidlegare år har driftstilskotet for slike stillingar lege opp mot 4 - 5000,- kroner pr. månadsverk.

Trass i usikre og tronge budsjett har museet vore viljug til å ta på seg nye oppgåver og prøva ut nye tiltak, takka vera stor entusiasme og pågangsmot frå dei tilsette og andre nært tilknytt personar. At styreformannen er pensjonist og har høve til å bruka så mykje tid på museet har og stor betydning. Dei knappe ressursane er utnytta maksimalt, men det må vera ei oppgåve å skaffa eit sikrere inntektsgrunnlag for ein større del av drifta.

Diverse gratisyttingar.

Hå kommune dekkjer ein del kostnader som heller ikkje kjem fram i museet sin rekneskap. M.a. har Jærmuseet gratis kontorlokale, inkludert lys, varme og reinhald, i det gamle kommunehuset på Nærbø. Kommunekassen fører rekneskapen for museet og tar seg av alle lønsutbetalingar o.likn.

Møter, orienteringar, føredrag, seminar, representasjon.

Styreformann Jone Vadla har dette året hatt 69 reisedagar i kortare eller heildagsoppdrag for museet. Byggesaka har naturleg nok tatt ein stor del av denne tida, 30 dagar.

Arbeidet med å skaffa midlar til byggefondet frå offentleg og privat hald har tatt 25 dagar, og møter som gjeld museumsdrifta og styremøte har tatt 14 dagar.

Styreformannen og styraren har m.a. presentert byggeprosjektet for styret for Samarbeidsrådet, arbeidsutvalet i fylkeskulturstyret, fylkesutvalet, Redskapsfabrikkenes Landslag og Rogaland Kyllingproducentlag.

Dei har hatt møte med bondelaga og bondekvinnelaga i Hå om eventuelt dugnadsarbeid på utomhusanlegget, med kultursjefen i Sandnes om eventuell industriavdeling av Jærmuseet i Sandnes, med genresursutvalet v/Norsk Landbruksmuseum og med representantar for Steinkjer museum og Steinkjer kommune.

Styreformannen og styraren deltok på kontaktmøte mellom fylkeskulturetaten og regionmusea i Rogaland 12.11.

Styremedlem Liv Todnem og museumsstyraren representerte Jærmuseet på årsmøtet til NKKM i Oslo 3 - 6. juni.

Målfrid Snørteland har m.a. elles deltatt på studietur til England med Sandnes kommune 17. - 21. mars, på årsmøtet til MIR (Museumsarbeidarar i Rogaland) på Tungenes 28.04, seminar om Nordsjøvegen, Time, 29.04, utstillingsopning på Time bygdemuseum/Fotland kraftstasjon 23.04, open dag på Særheim forskingsstasjon 20.05, seminar om EDB og museene 2 - 3.06, Stavanger Aftenblad sitt hundreårs-jubileum

1.09, og Norges Forskningsråd sitt forskarseminar 21 - 22. 10 og museums møte for Rogaland 7.12.

Ho har halde orienteringar om Jærmuseet på Kvía for følgjande grupper: 25.01: representantar for sau- og geitalslaga i Sør-Rogaland, 18.02: elevar frå Norsk Hotellhøgskole, 4.03: styret for Samarbeidsrådet for landbruksorganisasjonane i Rogaland, 22.04: Jæren hagelag, 24.05: delegasjon frå "Listaprojektet", 22.06: ei gruppe sandneslærarar, 6.07: Bryne rotary, 22.09: fylkeskulturkontoret, 15.11: elevar frå Øksnevad jordbruksskule, 12.10: Nordisk 4H-gardssamling, 1.12: fylkesmannen m/følgje.

Ho har elles halde følgjande innlegg og føredrag: 19.03: "Jærmuseet", Randaberg historielag, Randaberg, 25.03: årsmøtet til Ryfylkemuseet, Sand, orientering om organisasjonsstrukturen på Jærmuseet, 22.10: "Jordbrukets nære fortid. Dokumentasjon og forskning", Norges Forskningsråd, Hønefoss, 22.11: "Mjølkebehandling gjennom tidene", Øksnevad vid. skule, 2.12: orientering om Jærmuseet i Nærbø rotary.

Målfrid Grimstvedt har delteke på følgjande møter og seminarer: 4.2: Møte i Oslo med Riksantikvaren og Miljøverndepartementet om EDB-atlas for Sandnes, v/ Sandnes Byplankontor, 17. - 21.2: Studietur til England med Sandnes kommune; 22. - 23.4: Seminar i Oslo ved NAVF, Museumsnettverk: "Teknologi, arbeidsliv og industrihistorie", holdt innlegget "Teknologi og samfunn - Industriutvikling i bondesamfunnet. Kva gjer museet?" (publisert); 3.6: Seminar i Oslo, arr. NKKM, om EDB i museene; 17. - 19. 11: Seminar i Oslo ved NKKMs film og videoutvalg: "Fra ide til bilde. Levende bilder og billedspill. Dokumentasjon og formidling".

Målfrid Grimstvedt har halde følgjande orienteringar og føredrag: 6.2: Fagmøte i Rogaland Husflidslag (Drakt 1996); 23.2: Egersund Husflidslag (Strikking i

Rogaland); 11.5: Jæren Husflidslag (Klær og bunad på Jæren); 23.4: Jubileumsfest på Haga skole (Skolehistorie i Tananger); 14.6: Innlegg på bunadseminar, Bunad- og Folkedraktrådet, Valdres; 18.8: Sandnesmuseets venner (Drakt 1996).

MEMLEMMER

Medlemsauken i 1993 har vore på 36 personar, slik at museet no har 212 personlege medlemmer. I tillegg kjem 34 lag og 10 bedrifter, i alt 256 medlemskap.

Medlemskontingentet er framleis kr. 150,- for personlege medlemmer, 300 for lag og frå 500 - 1000 for bedrifter. Medlemmene får årboka gratis tilsendt.

ARBEIDET I KOMMUNANE

Randaberg

Arbeidet med fyrmuseet på Tungenes har nå komme godt i gang. Jærmuseet v/Inger Smidt Olsen samarbeider i dette prosjektet med prosjektkoordinator Helge Schjelderup med innreiring av fyrmeistarbustaden i tårnet. Bustaden skal fungera som museum og syna korleis fyrmeisteren og familien levde her i 1930-åra. I samband med dette har Smidt Olsen drive dokumentasjonsarbeid; fotoinnsamling og -registrering og intervju med dei som har vakse opp på fyret. Ho har også drive innsamling og registrering av gjenstandar til fyrmuseet.

Utviklinga i prosjektet skjer i nært samarbeid med Kystverket i Haugesund. Planen er å opna fyrmeistarbustaden for publikum på forsommaren -94.

Tungenesprosjektet vart også presentert i eit programinnslag i NRK TV-Rogaland i desember.

Elles laga Randaberg Bygdemuseum ei utstilling av staskøyretøy i Randaberghallen. Jærmuseet v/ Grimstvedt hjelpte til med å laga tekstar til utstillinga.

Gjesdal

Gjesdal bygdemuseum engasjerte Jærmuseet v/ Grimstvedt til å laga ei temautstilling om ull og tekstilframstilling på Limagården.

I juni blei Målfrid Grimstvedt engasjert av Gjesdal kommune til å vera med i ei plangruppe for tekstilindustrimuseum på Ålgård. Gruppa blei nedsett i samband med at DFU - Ålgård la ned sin tekstilproduksjon og i den samanhengen ønskte å gi kommunen gjenstander og anna materiale frå si verksemd. Gruppa fekk også ansvar for å videodokumentera tekstilproduksjonen før den blei nedlagd sommaren 1993. Dette medførte omlag 1,5 månadssverk arbeid for Grimstvedt. Det meste av tida er brukt til videoproduksjonen: planlegging, vera med på filminga og laga utkast og tekst til visningsfilmen. Oppdraget er ikkje avslutta.


Sandnes

EDB-basert byutviklingsatlas

Prosjektet starta i 1992 og Målfrid Grimstvedt er Jærmuseet sin deltakar. 1993 blei brukt til å skaffa midlar til forprosjektet. Mot slutten av året bevilga Riksantikvaren kr. 100.000,- til eit forprosjekt. Sjølv forprosjektet vil bli gjennomført i 1994.

Studietur til England: "Byggeskikk, handels og næringshistorie som ressurs for ny byutvikling"

Sentrumsforeningen *Gågadå als* tok hausten 1992 initiativ til ein studietur. Ønskje var at næringslivet, politikarane og administrasjonen i kommunen gjekk saman om å skaffa seg informasjon og inspirasjon for å kunna utvikla Sandnes sentrum ut frå byens eigenart og historie. Byplansjefen v/overarkitekt Gro Persson Trodahl hadde ansvar for planlegging og gjennomføring. Ho engasjerte Jærmuseet v/ Grimstvedt til å vera med på dette. Dei tok kontakt med Stoke-on-Trent,



Tidlegare disponert. Tolleiv Bjerkreim vart tilsett i DFU - De forenede Ullvarefabrikker tidleg i 1950-åra. Han har følgd bedrifta i alle år sidan. Han har arbeidd med å ta vare på bedriftshistoria gjennom mange år. Foto: Jærmuseet.

Telford (Ironbrigde), Halifax og York og fekk positiv mottaking alle stader. Gruppa som reiste var på 23 personar, med ordføraren i spissen og med Trodahl og Grimstvedt som reiseleiarar. Snørteland var med frå Jærmuseet. Journalist Dag-Henrik Fosse frå Stavanger Aftenblad sørge for at publikum fekk fyldige referat frå turen.

Turen var vellukka og blei starten på ein prosess for ny byutvikling. Første handfaste resultat er at ein viktig bygard i Langgata nå blir restaurert. Det er eiegenen til smeden Torkell Raugstad. Her dreiv han verkstad frå 1872 til 1904, og her utvikla han den første plogen tilpassa jærsket tilhøve. Restaureringa av bygningane er eit pilotprosjekt som skal setta ein mal for korleis private og det offentlege kan gå saman om byfornyng bygd på lokal historie og byggeskikk.

Museumsplan for Sandnes

Kulturetaten engasjerte Målfrid Grimstvedt til å redigera "Forslag til Museumsplan for Sandnes". Det medførte omlag 0,5 månadsverk.

Informasjonsprogram om Sandnes kommune

Kulturetaten i Sandnes er iferd med å laga eit EDB-basert informasjonsprogram som skal settast opp ute i Langgata og på biblioteka i kommunen. Jærmuseet v/ Grimstvedt blei engasjert til å laga den delen som skal presentera kommunen si historie.

Hå

Utstilling på Hå gamle prestegard i 1996

Jærmuseet v/ Grimstvedt er engasjert til å vera med i planlegginga av ei kulturhistorisk utstilling på Prestegarden i 1996. Temaet er "Klede og bunad i Jæren og Dalane". Førearbeidet vil bestå i registrering og lokale utstillingar av gamle klede. Lokalmusea og ulike

organisasjonar er inviterte til å vera med. Arbeidet blei starta i 1992. Dette året har Rogaland Husflidslag gjennomført ei registrering av bunaden i sine lokallag etter registreringsopplegg laga av Målfrid Grimstvedt. Ho har også laga opplegg for registrering av gamle klede. Seks kommunar skal vera med på denne registreringa. Arbeidet er igang.

ANDRE OPPDRAG

Gunvor Trættebergs draktarkiv

Målfrid Grimstvedt har arbeidd omlag 3 månadsverk på dette prosjektet i 1993. Det meste av tida blei brukt til å redigera første utkast til ei bok om skinnhyre og sjøklær.

SÆRSKILDE ENGASJEMENT

Målfrid Snørteland var kasserar i Norsk ICOM ftam til årsmøtet i juni. Ho sit i arbeidsutvalet til den lokale kulturkomiteen (tidlegare "Rogalandsgruppa") som har ansvaret for kulturprogrammet og ekskursionane i samband med ICOM sin verdskongress i Stavanger i juli 1995.

Målfrid Snørteland er og forhandlingsleiar for Forskarforbundet på kommunesektoren i Rogaland, og har deltatt på fleire møte i samband med dette.

Ho sit i juryen for byggeskikkprisen i Gjesdal.

Målfrid Grimstvedt er medlem i Bunads- og folkedraktrådet.

OPPSUMMERING OG VURDERING

Endeleg! – etter 7 års strev og møye – reiser det nye museumsbygget seg på Kvia. Kranselag er feira og grunnsteinen lagt ned.

Våren 1994 kan administrasjonen flytta inn og førebu opning for publikum. Men ennå manglar midlar til å fullføra auditoriet og verkstaden. Me skulle så gjerne lirka den siste millionen ut or jærindustrien. Likevel, stoda for dette byggeprosjektet har aldri vore lysare. Og dei siste steinane fell nok på plass til slutt.

– For Jærmuseet – Kvia 4H-gard representerte 1993 eit gjennombrøt ovanfor skular og barnehagar i heile regionen. Kombinasjonen av oppleving, leik og læring har synt seg å appellera både til born og vaksne. Responsen dette året har overtydd oss om at dette tilbodet er svært viktig for museet si utoverretta verksemd og profil.

Demonstrasjonane av eldre reiskapar og arbeidsmåtar, både på aktivitetsdagar og ovanfor skuleklassar, har likevel avslørt at skal slike opplegg fungera skikkeleg må museet satsa meir på å vedlikehalda og vidareføra kunnskapen knytta til den praktiske bruken av eldre reiskap og teknologi. Men dette krev igjen meir ressursar enn det museet rår over i dag.

– "Saueprosjektet" er i god gjenge. Det er samla inn eit omfattande dokumentasjonsmateriale som vil gi grunnlag for forskning og formidling om sauehaldet og heiaføringa av smale i Sør-Rogaland. Me er dessutan svært nøgde med at museet har knytta gode kontaktar til fagmiljøet og fått til eit positivt samarbeid med næringa sjølv. Men også her er den vidare bearbeidinga av materialet avhengig av ekstern finansiering.

– Museet har og fått betydelege sysselsetjingsmidlar i 1993.

Det har særleg betydning for drifta av museumsgarden som er heilt avhengig av slike tiltak. Når det gjeld ulike typar restaureringsarbeid kan ein derimot spørja om "vinninga går opp i spinninga".



Nybygget under oppføring i desember 1993.

Foto: Jærmuseet.

– Eit av dei tyngste problema for museet er elles personalsituasjonen. Institusjonen er kraftig underbemanna. Sett i høve til dei knappe ressursane ein rår over, bør difor museet seia seg nøgd med aktivitetsnivået og resultat i 1993.

– Både byggeprosjektet, aktivitetane på Jærmuseet

– Kvia 4H-gard og saueprosjektet har fått god omtale i media. Både aviser, nærradioar og TV-Rogaland har hatt innslag om museet.

I det heile trur me stadig fleire, både i og utanfor regionen, nå legg merke til Jærmuseet og verksemda vår.

REKNESKAP 1993
INNANFOR TILSKOTSORDNINGA

	Rekneskap 1992	Budsjett 1993	Rekneskap 1993
<i>Inntekter:</i>			
Tilskotsordninga			
- stat	274.170	309.293	
- fylke	214.415	241.883	
- kommun.	<u>214.415</u>	<u>241.883</u>	
	697.435	762.900	793.059
Refusjon lønsmeirutg.		11.000	
Varesal/div.	526		2.465
Renter	<u>7.167</u>	<u>5.100</u>	5.854
Fordelt egenkap.innskot			<u>17.944</u>
	<u>705.128</u>	<u>779.000</u>	<u>819.322</u>
		(768.000)	
<i>Utgifter:</i>			
Løn faste stillingar/			441.113
sos. utg.	494.136	540.000	<u>102.613</u>
	494.136	540.000	543.726
Inventar og utstyr	15.099	15.000	21.802
Andre innkjøp	1.621	2.000	
Innkjøp bibliotek	17.173	17.000	15.531
Vedlikehald anlegg			11.898
Kontorrekvisita	13.809		22.648
Trykksaker	17.934		2.357
Telefon	19.693		23.858
Porto	18.764		23.297
Adm.annonser			<u>1.885</u>
Sum kontorutg.	70.200	65.000	74.045
Straum/reingjer.	26.624	35.000	29.096
Husleige	44.039	52.000	51.310
Avgift./forsikr.	5.020	23.000	19.887
Reiser/bilgodtgjersle	41.074	52.000	47.454
Drift av bil	9.797	15.000	18.046
Transport	7.781	10.000	19.073
Varekjøp			709
Vedlikehald samlingar	15.836	15.000	24.907
Vedl.h.inventar/utstyr	25.713	20.000	19.619
Utoverretta verksemd	1.832	5.000	7.953
Foto/video	11.207	10.000	9.338
Andre driftsutg.	14.954	12.000	14.534
Kurs	7.402	5.000	750
	<u>809.507</u>	<u>893.000</u>	<u>929.675</u>
Underskot	104.379	114.000	<u>110.354</u>

REKNESKAP 1993
UTANFOR TILSKOTSORDNINGA

	Rekneskap 1992	Budsjett 1993	Rekneskap 1993
<i>Inntekter:</i>			
Arrangementsinntekter		30.000	
Sal av årbøker/varesal	23.646	20.000	28.685
Annonser	40.700	40.000	37.218
Oppdrag	128.690	220.000	258.702
Medlemspengar	38.050	40.000	44.450
Tilskot Norsk museumsutvikling			41.253
Tilskot frå Kulturdep./	603.000		
Refusjon "SKAP"		300.000	687.924
Refusjon sjukepengar			2.372
Særlege fylkesk. tilskot	22.500		
Kontingent kommunar	297.390	318.243	318.243
Tilskot Landkreditt	40.000		
Tilskot "saueprosj."	10.000	70.000	72.900
Renter	19.090	25.000	33.851
Intern overføring/lotterif.	31.037		
	<u>1,254.103</u>	<u>1,063.000</u>	<u>1,525.598</u>
Forbruk Audamotland		<u>300.000</u>	<u>226.173</u>
		1,363.243	1,751.771
<i>Utgifter:</i>			
Løn faste still.	238.399	328.000	231.920
Ekstrahjelp	90.564	190.000	216.553
Løn "SKAP"		<u>265.000</u>	498.217
Sosiale utgifter	<u>65.531</u>		159.142
Sum	394.495	783.000	1,105.832
Inventar/utstyr			2.800
Innkjøp samlingar	6.600	2.349	
Skjøtsel museumsområdet	5.760		
Restaurering Audamotland	2.280	300.000	226.173
Div. kontorutg.	1.993		1.758
Straum			1.132
Vedlikehald samlingar	31.015		
Reiser/bilgodtgjersle	34.112	40.000	44.311
Publikasjonar	54.995	54.800	113.700
Kurs	6.002	2.000	800
Intern overføring (Kvia)			19.382
Andre driftsutg.	<u>500</u>		<u>275</u>
Sum driftsutg.	537.752	1,182.149	1,518.511
Renter Audamotland	600.720		25.000
Overført "saueprosj."		60.000	72.900
Renter lotterimidlar	<u>12.594</u>		
	<u>1,151.066</u>	<u>1,242.149</u>	<u>1,616.411</u>
Underskot tilsk.ord.	<u>104.379</u>	<u>114.000</u>	<u>110.354</u>
Sum utgifter	<u>1,255.445</u>	<u>1,356.149</u>	<u>1,726.765</u>
Underskot/til rådvelde	<u>1.342</u>	7.094	<u>+ 25.006</u>

REKNESKAP BYGGEPROSJEKT 1993

	1990/1991	1992	1993	SUM
<i>Inntekter:</i>				
Norsk Kulturråd			2,500.000	
Landbruksdirektør			150.000	
Fylkeskommunale tilskot		350.000	3,600.000	
Utbetaling Hå kommune	224.000			
Særk. kommunale tilskot	300.000	541.000	874.714	
Gåver til nybygg	5.950	497.294	698.150	
Renter		<u>21.800</u>	<u>159.688</u>	
	<u>529.950</u>	<u>1,410.100</u>	<u>7,982.552</u>	9,922.602
<i>Utgifter:</i>				
Planlegging 1990	224.000			
Prosjektering nybygg	223.584			
- Honorar arkitektar		559.460	435.407	
- Honorar konsulentar		190.500	684.034	
- Honorar prosjektleiing		22.000	10.000	
- Oppdrag andre		3.240	2.789	
- Utg. innsamlingsaksjon		8.002	6.800	
- Reiser			19.463	
- Adm. utg. byggeprosjekt			2.615	
- Forsikring			21.940	
- Kopieringsutg.		<u>9.619</u>	111.485	
Sum prosjekteringsutg.	(447.584)	(793.496)		
- Skilting			7.130	
- Straum			9.000	
- Byggeleiing			95.000	
- Betongarbeid nybygg			1,926.136	
- Div. grunn-/betongarbeid			127.906	
- Tømmerarbeid			<u>1,125.450</u>	
Sum utg.byggeprosjekt	447.484	793.496	4,585.154	<u>5,526.134</u>
Avsetningar byggefond:			<u>3,397.398</u>	
			<u>7,982.552</u>	
Prosj.midlar/kommunar	76.416	97.504		
Renter		21.806		
Gåver nybygg	<u>5.950</u>	497.294		
Saldo byggefond			616.604	
Sum utgifter	529.950	1,410.100		

REKNESKAP - K VIA 1993

	Rekneskap 1992	Rekneskap 1993
<i>Inntekter:</i>		
Arrangementsinntekter	4.300	56.945
Sal av husdyr	9.285	17.398
Sal av jordbruksprodukt	7.216	16.371
Produksjonstilskot	10.339	24.297
Gåve Gartnarhallen	1.080	
Renter	11.281	5.195
Bruk overførte midlar	<u>8.161</u>	
	51.662	120.206
Intern overføring		<u>19.383</u>
		139.589

<i>Utgifter:</i>		
Inventar og utstyr	756	11.508
Utstyr dyrehald/gardsdrift		12.695
Innkjøp husdyr	15.382	6.417
Løn	3.057	5.531
Materialkostnad	2.096	25.896
Div. installasjonar	3.008	1.127
Betongarbeid		12.633
Diverse oppdrag	1.400	9.250
Vedlikehald		1.927
Husdyrstell/fôr	3.064	30.440
Gjødning/såvarer		17.923
Andre driftsutg.	<u>6.992</u>	<u>4.242</u>
Sum driftsutg.	35.755	139.589

Intern overføring	15.907
(til reknesk.u.tilsk.ord.)	
- Sum utgifter	<u>51.662</u>

REKNESKAP JÆRMUSEET
BALANSEKONTO PR. 31.12. 1993

AKTIVA:	
Kasse	7.324
Postgiro	17.022
Driftskonto SR-bank	606.572
Høgrentekonti bank	4,965.141
Utestående krav	<u>27.000</u>
	5,623.059

PASSIVA:	
Diverse interimskonti	659.932
Kapital	72.798
Lotterifond	82.767
Overførte midlar Kviagarden	92.040
Overførte midlar årbok	66.700
Overførte midlar Stangel. Trevare	25.000
Overførte midlar Audamotland	399.548
Overførte midlar saueprosjekt	72.900
Byggefond	4,126.368
Overskot 1993	<u>25.006</u>
	5,623.059

FORFATTAROMTALE

Målfrid Grimstvedt

f. 1949 i Stavanger. Magistergrad i etnologi ved Universitetet i Oslo. Har arbeidd som konsevtor ved Jærmuseet sidan 1987.

Harald Harbo

f. 1913 på Rossavik i Forsand. Gjekk på Tveit jordbruksskule 1932, arbeide med pelsdyroppdretting i Time 1936–1947, frå 1947 gardstyrar på Waisenhuset sin gard Emmaus i Stavanger. Dreiv eigen gard på Reime i Hå 1954–1970.

Kyrre Hattaland

f. 20.12. 1921 i Klepp. Øksnevad jordbruksskule 1943. Eksamen ved Norges landbrukshøgskole, Statens forsøkgard Forus, Mo jordbruksskule og Stend jordbruksskule. Rektor ved Foldsæ jordbruksskule 1974–89. Bur no som pensjonist på Bryne og arbeider med jordbruksopplæringa si historie i Rogaland.

Einar Lea

f. 19.05. 1933 i Sandnes. Bedriftsøkonom. Arbeidd hos Kverneland-Underhaug sidan 1960 som innkjøps- og marknadssjef.

Ingebjørg Reigstad

f. 1943 i Bergen. Cand. mag. med faga etnologi, arkeologi og kunsthistorie. Har arbeidd med kulturvern i Bergen kommune, for byantikvaren i Stavanger og fylkeskultursjefen i Rogaland. Har sidan 1990 arbeidd deltid på Stavanger Museum og har sidan 1992 vore tilsett i halv stilling som kulturvernleiar i Klepp kommune.

Oddvar Sørli

f. 1939 i Hægeland. Landbruksskule 1961–63. Har m.a. arbeidd på mekanisk verkstad og som reparatør av anleggsmaskinar. Driv no som gardbrukar og mjølkeproduzent. Er for tida formann i "Gammeltraktorens Venner" (Norsk forening for landddbruksteknisk historie).

Målfrid Snørteland

f. 1952 på Karmøy. Magistergrad i etnologi ved Universitetet i Bergen. Styrar ved Jærmuseet sidan 1986.

Asgjerd Taksdal

f. 12.06. 1930 i Strand. Lærarutdanning og arbeidsbakgrunn frå skulen, som museumspedagog på Stavanger Museum i 7 år og dei siste 8 åra som kulturvernleiar i Time. Har omset vel 20 bøker. Hovudinteresse: Kulturformidling.

Einar K. Time

f. 19.07. 1925 i Time. Sivilagronom frå Norges landbrukshøgskole, jordbrukslina, 1950. Har arbeidd som heradsagronom i Hå i 4½ år og som fylkesagronom i planteavl og beitebruk i 27 år. Fylkeslandbruksjef i Rogaland frå 1981–1992. Er no pensjonist.


Gro Persson Trodahl

f. 3.11. 1956. Statens Håndtverks- og Kunstindustri-skole (SHKS), malarlina. Sivilarkitekt frå NTH 1985. Har arbeidd som overarkitekt ved Stavanger byplan-kontor og er no overarkitekt ved Sandnes byplan-kontor. Har dei siste 5–6 åra initiert og arbeidd med ulike prosjekt som går inn under "Sandnesmodellen".

KULTURMINNE OG MUSE I HÅ

HÅ GAMLE PRESTEGARD

Hå Gamle Prestegard frå 1730-t. er ein restaurert prestegard som i dag vert nytta til kunst og lokalhistoriske utstillingar. I tillegg driv ein mange ulike aktivitetar innan litteratur og musikk. Anlegget vert og utleigd til private samkomer.



Opningstid: Heile året

Laurdag: kl. 12.00 – 17.00

Sundag: kl. 12.00 – 19.00

Opningstid 15.5–15.9

Mandag–fredag: kl. 11.00 – 19.00

GRØDALAND

Grødaland er to jærhus frå slutten av 1700-t. og byrjinga av 1800-t. I tillegg har ein to driftsbygningar og eit fjøs. Husa vart oppførde på den staden dei står no. Hå Historie og Ættesogelag har ansvar for den daglege drifta.



Opningstid 1.5–30.9

Sundag: kl. 12.00 – 17.00

Omvisning kl. 14.00

Opningstid 1.6–15.8

Tysdag–lørdag kl. 12.00 – 17.00

Fleire opplysningar kan ein få ved å venda seg til Hå kulturkontor, tlf. 51 43 00 11.